



Hilde Bringedal slo an tonen med ei 78-plate og eigar Røsland likte "Bei mir bist du schön...." (Foto: Ola Matti Mathisen).

Opninga av Vertshuset fredag kveld vart både eitt opningslag og eit avskilslag. Den første gruppa som hadde bestilt plass til festleg samkome var nemleg kollegene til Britt Arnesen ved Uskedalen oppvekstsenter..No rundar ho av etter 40 år ved skulen i bygda og 40 var til stades for å takka og hylle henne.



Britt Arnesen og Ivar Berner Arnesen kjem standsmessig til Vertshuset og ved rattet sit Vidar Haugland. I bakgrunnen festkomiteen.
(Foto: Ola Matti Mathisen)

Sjølve opninga var rolig og lite stressprega sjølv om det hadde vore svært hektisk i dei siste døgna for at alt skulle bli klart. Eit irritasjonsmoment var det: Strauminntaket viste seg å ha for liten kapasitet.



Barbetjening på opningskvelden: Tor Gundersen, Johan Henrik Lyse og Ørjan Fludal. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Bak bardisken var folk med solid fagleg bakgrunn på plass: Tor Gundersen, som har 12 år bak seg på Husnes Hotell og Ørjan Frudal, som har dreve Gjesten i Rosendal. Den første ordinære gjesten var frå Herøysund og heiter Håkon Hjelmeland.

Denne første sesongen må Røssland og Johan Henrik Lyse satsa på eit enkelt matopplegg, men dei kan i det minste lokka med både pizza, spekemat, toast med ost/skinke og nachos. Derimot er drikke-menyen svært innhaldsrik.

Avskilslaget for den trufaste læraren, som også har vore rektor i mange år, var prega av stil og kreativitet. Hilde Bringedal slo bokstaveleg tala an tonen via ein svenske-grammofon av merket Ramona og "Bei mir bist du schön" var ei passande velkomsthelsing både ved bardisken og då ein grøn Pontiac frå 1960-talet med heidersgjesten segla opp framfor Vertshuset. Ved rattet sat den noverande rektor Vidar Haugland.

Av Ola Matti Mathisen



Håkon Hjelmeland frå Herøysund – første ordinære gjest i Vertshuset etter opninga. (Foto: Ola Matti Mathisen)